

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 78/2000  
av 2. oktober 2000**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar,  
prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 19/2000 av 25. februar 2000<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsvedtak 2000/180/EF av 23. februar 2000 om lenging av fristen for mellombels godkjenning av det nye aktive stoffet *Pseudomonas chlororaphis*<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2000/10/EF av 1. mars 2000 om oppføring av et aktivt stoff (*fluoroksypr*) i vedlegg I til rådsdirektiv 91/414/EØF om markedsføring av plantefarmasøytiske produkter<sup>(3)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg II kapittel XV nr. 12a (rådsdirektiv 91/414/EØF) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

---

<sup>(1)</sup> Enno ikkje kunngjord.

<sup>(2)</sup> TEF L 57 av 2.3.2000, s. 34.

<sup>(3)</sup> TEF L 57 av 2.3.2000, s. 28.

“– **32000 L 0010**: Kommisjonsdirektiv 2000/10/EF av 1. mars 2000 (TEF L 57 av 2.3.2000, s. 28).”

#### *Artikkel 2*

I vedlegg II kapittel XV etter nr. 12i (kommisjonsforordning (EF) nr. 2161/1999) i avtala skal nytt nr. 12j lyde:

“12j. **32000 D 0180**: Kommisjonsvedtak 2000/180/EF av 23. februar 2000 om lenging av fristen for mellombels godkjenning av det nye aktive stoffet *Pseudomonas chlororaphis* (TEF L 57 av 2.3.2000, s. 34).”

#### *Artikkel 3*

Teksta til kommisjonsvedtak 2000/180/EF og kommisjonsdirektiv 2000/10/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. oktober 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*).

#### *Artikkel 5*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, 2. oktober 2000.

For EØS-komiteen  
Formann

G. S. Gunnarsson

Sekretærer for EØS-komiteen

G. Vik

E. Gerner

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.